
Saknr: 2020/40842-1
Saksbehandlar Berit Nyland
Dato: 18.02.2020

Til: Hovudutval for opplæring og kompetanse
Fylkesutvalet
Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Felles retningslinjer for besøk av ungdomsorganisasjonar til vidaregåande skular

Denne meldinga er ei oppfølging av verbalpunkt 20 i budsjettsaka PS 14/2019.

«Skulen skal vere ein stad kor elevane får lære om demokrati og medraderett. Difor bør ungdomsorganisasjonar som politiske ungdomsparti, politiske interesseorganisasjonar, eller andre organisasjonar som utgangspunkt ha rett til å stå på stands og liknande på dei vidaregåande skulane i Vestland. Fylkestinget ber fylkesdirektøren utarbeide felles retningslinjer for dei vidaregåande skulane knytt til ungdomsorganisasjonar som ynskjer å besøke skulane».

Skuleeigar er positiv til at politiske ungdomsorganisasjonar og andre organisasjonar er aktive og engasjerer seg i politisk verksemd på skulane. Skulane har eit sjølvstendig ansvar for å gje opplæring som fremjar samfunnsansvar og personleg engasjement, jamfør opplæringslova § 1-1. Det er opp til den einskilde skule å fritt kunne invitere organisasjonar og enkeltpersonar til faglege opplegg i eigen regi eller i samarbeid med andre skular.

Politisk skuleval er eit godt utgangspunkt for å lære om demokrati og politisk meiningsbryting. Ved politiske skuleval tek skuleeigar, på vegner av Utdanningsdirektoratet(Udir), ei aktiv rolle i å koordinere kontakt mellom skulane og ungdomspartia. Udir utarbeidar felles retningslinjer for skuledebatt og valtorg slik at partia møter ei lik tilrettelegging for politisk verksemd på skulane.

Utanom valår, ser vi at skulane i varierende grad har invitert og lagt til rette for at politiske parti får høve til å markere seg politisk på skulen sitt område innafor skuletida. I Vestland er det no utarbeidd ein rutine som gjer greie for nokre felles prinsipp.

Rutinen gjev retningslinjer for korleis dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune skal møte førespurnadar frå politiske parti eller organisasjonar om å kunne vere til stades på skulane, markere politiske standpunkt og kome i kontakt med elevane. Det er eit mål i seg sjølv at politiske organisasjonar skal møte ei felles haldning til slike førespurnadar slik at det ikkje er naudsynt å undersøkje kva reglar som vert praktisert på den einskilde skule.

Vedlegg

- 1 Rutine - politisk verksemd ved skulane i Vestland fylkeskommune